

**Utval: Kultur- og ressursutvalet**
**Møtestad:** Fylkeshuset, Møterom Fylkesutvalssalen 3. etg.

**Dato:** 11.02.2014

**Tidspunkt:** 11:00 – 13:50

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sandahl Bjarøy	MEDL	FL A/R
Siri Klokkerstuen	MEDL	FL A/R
Natalie Antonia Golis	MEDL	FL A/R
Anita Garlid Johannessen	NESTL	FRP
Svein Halleraker	MEDL	H
Nils Marton Aadland	MEDL	H
Neshe Lie	MEDL	H
Peder Sjo Slettebø	MEDL	H
Tom Sverre Tomren	MEDL	FL SP/MDG
Anne Beth Njærheim	LEDER	V
Gunnar Bakke	MEDL	FRP
Inger Johanne Seim	MEDL	FL A/R

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kristian Helland	MEDL	KRF

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Beate Husa	Varamedl.	KRF

---

**Merknader**


---

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Seksjonsleiar og utviklingssjef – kultur og idrettsavdelinga
Per Morten Ekerhovd	Fylkesantikvar – kultur og idrettsavdelinga
Marit Rødseth	Plansjef – regionalavdelinga
Gudrun Mathisen	Klima- og naturressurssjef - regionalavdelinga
Jan Nordø	Saksbehandlar – regionalavdelinga, klima og resurs
Per Nordmark	Saksbehandlar – regionalavdelinga, plan
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur og idrettsavdelinga

## Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 19/14	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 20/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 21/14	Referatsaker (meldingar)		
RS 8/14	Søknad frå Bergen kommune om mynde med heimel i kulturminneloven. Administrasjonen si vurdering av saka	2014/10231	
PS 22/14	Ymse		
PS 23/14	Fråsegn til kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy Fv 126 - Kvinnherad kommune - planID 122420120026	2014/209	
PS 24/14	Fråsegn til kommunedelplan for omlegging av Fv 48 - Løfallstrand - Kvinnherad kommune - planID 122420120025	2014/169	
PS 25/14	Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune - Hordaland - fråsegn	2014/10397	
PS 26/14	Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Vedtak av plan	2014/681	
PS 27/14	Høyring Auno minikraftverk i Kvinnherad kommune. Fråsegn.	2014/10795	
PS 28/14	Kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen hausten 2014 og våren 2015	2014/10430	
PS 29/14	Sak: Miljøpris 2013	2014/1102	
PS 30/14	Miljøprogram 2014	2014/10847	

## PS 19/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

### Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

Anita G Johannessen (Frp) kunne ikkje sjå å ha fått varsling via e-post om at sakene til møtet var lagt i drop-box.

Natalie Golis (MDG) hadde fått melding om dette via SMS.

Svein Halleraker (H) lurte på om det var mogleg å få til at i-pad automatisk logga seg på Hfk-nettet når ein var i bygget og at ein slapp å logge seg på heile tida.

Administrasjonen følgjer opp.

Det var semje i utvalet om at sak 26/14 vart handsama først, då saksbehandlar måtte vidare til møte i Opplærings- og helseutvalet der saka og var til behandling.

## **PS 20/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

Det var ingen merknad til møteprotokoll frå møta 03.12.2013 og 21.01.2014.  
Møteprotokoll frå møte 24.01.2014 låg ikkje føre og vart difor ikkje handsama.

#### **Vedtak**

Møteprotokollane frå møte 03.12.2013 og 21.01.2014 vart godkjend.

## **PS 21/14 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

Det var ingen merknad til referatsakene.

## **RS 8/14 Søknad frå Bergen kommune om mynde med heimel i kulturminneloven. Administrasjonen si vurdering av saka**

### **PS 22/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

#### *Innspel frå medlemene:*

**Marianne Bjørøy** ønskte at følgjande uttale frå Kultur og ressursutvalet vart å senda til styret for Museum Vest:

«Kultur og ressursutvalget har merket seg debatten som har pågått knyttet til det pågående bokprosjektet om motstandsbevegelsen Saborg sin virksomhet under andre verdenskrig.

Prosjektet har stoppet opp og det er uenighet om hvem som skal fullføre prosjektet, og når det kan bli realisert. Det vil være svært synd om prosjektet drar mer ut i tid, da dette allerede er 1 år på overtid og det bare er et gjenlevende tidsvitne til hendelsene under krigen.

Kultur og ressursutvalget oppfordrer styret i Museum vest til å ta opp saken til diskusjon på sitt styremøte i februar og vil på det sterkeste oppfordre om at saken blir løst på raskest mulig måte, slik at boken kan bli utgitt i løpet av 2014 og i tråd med de private bidragsyterne til prosjektet sine intensjoner.»

Forslaget fekk 6 røyster (A, V og MDG) mot 7 røyster ( H, Frp og Krf) og fall.

**Tom Sverre Tomren** ønskte ei orientering frå administrasjonen om status og planar for arbeidet med montering av semihurtigladalarar hos Sten og Strøm i Åsane som har fått støtte frå Transnova framsett i møte 21.01.2014.

Klima- og naturressurssjef Gudrun Mathisen orienterte.

**Tom Sverre Tomren** sette fram ønskje om at Norges Naturvernforbund – Hordaland kunne koma og presentere seg for utvalet. Administrasjonen vil arbeide med å få dette til.

*Delt ut i møte:*

- Biletehefte frå synfaring 6. februar 2014 på Varaldsøy – regionalavdelinga, plansejsonen
- Protestskriv til Hfk v/Kultur og ressursutvalet frå Naturvernforbundet i Kvinnherad v/Dagny Fuglø dagsett 09.02.2014.
- E-post dagsett 11.02.2014 frå Ida Marie Rieber til Hfk v/Per Nordmark med brev vedlagt til Kvinnherad kommune vedkomande fergeleie på Varaldsøy.

## **PS 23/14 Fråsegn til kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy Fv 126 - Kvinnherad kommune - planID 122420120026**

### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tilrår alternativ 1 – oppgradering av noverande ferjekai på Varaldsøy.  
Det vert tilrådd utskifting av køyrebru, men ikkje utviding av gjeldande oppstillingsplass då dette er vurdert ikkje å vera naudsynt no.
2. Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova skal utførast i samband med reguleringsplan.

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014**

**Nils Marton Aadland (H)**sette fram slikt forslag på vegne av H, Frp og V:

« Saka blir utsett. Det skal gjennomførast synfaring før saka kjem opp til politisk handsaming..»

### **Røysting**

Aadland sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka blir utsett. Det skal gjennomførast synfaring før saka kjem opp til politisk handsaming.

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

**Siri Klokkerstuen (A) og Peder Sjo Slettebø (H)** sette fram slikt fellesforslag til vedtak:

- «1. Hordaland fylkeskommune går inn for å flytta ferjeleiet på Fv 126, Varaldsøy, til Skjelnesodden.
2. Ein legg til grunn at ein kan nytta eksisterande skogsbilveg som vegtrase for å avgrense inngrep i landskapet. Den vidare prosessen må avklare kva som er mest tenleg ferjeleie av alternativ 2a og 2b. Vidare trasé frå skogsbilveg til nytt ferjeleie på Skjelnesodden bør leggjast slik i terrenget at ein unngår skjæringer i strandsona. Glevika og Hestvika må skjermast frå inngrep.
3. I vidare utgreiing skal kostnadsreduserande tiltak og forenkla løysingar innarbeidast for å få kostnadsramma for alt.1 og 2 tilnærma like.
4. Undersøkingsplikta etter Kulturminnelova § 9 skal utførast i samband med reguleringsplanen.»

### Røysting

Klokkerstuen og Slettebø sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (H, V, Frp og A) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 3 røyster (MDG og Krf) som fall

### Vedtak

- 1 Hordaland fylkeskommune går inn for å flytta ferjeleiet på Fv 126, Varaldsøy, til Skjelnesodden.
- 2 Ein legg til grunn at ein kan nytta eksisterande skogsbilveg som vegtrase for å avgrense inngrep i landskapet. Den vidare prosessen må avklare kva som er mest tenleg ferjeleie av alternativ 2a og 2b. Vidare trasé frå skogsbilveg til nytt ferjeleie på Skjelnesodden bør leggjast slik i terrenget at ein unngår skjæringer i strandsona. Glevika og Hestvika må skjermast frå inngrep.
- 3 I vidare utgreiing skal kostnadsreduserande tiltak og forenkla løysingar innarbeidast for å få kostnadsramma for alt.1 og 2 tilnærma like.
- 4 Undersøkingsplikta etter Kulturminnelova § 9 skal utførast i samband med reguleringsplanen.

## PS 24/14 Fråsegn til kommunedelplan for omlegging av Fv 48 - Løfallstrand - Kvinnherad kommune - planID 122420120025

### Forslag til vedtak

1. Alternativ 2 (kote 70) har mindre potensiale for konflikt med kulturminne og kulturmiljø enn Alternativ 1. Dette kan endra seg når undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er utført på reguleringsplannivå.
2. Kultur og ressursutvalet tilrår Alternativ 1 – eksisterande trase. Prioriteringa er grunngjeve med den relativt store kostnadsforskjellen, omsyn til landskapet, at det er mogeleg å gjera tilpassingstiltak med omsyn til trafikktryggleik, støy, byggegrense og avkjørsler i samband med reguleringsplanarbeidet. Det er også lagt vekt på at det berre vert ein veg som skal byggjast/utbetraast og driftast.

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014**

**Nils Marton Aadland (H)** sette fram slikt forslag på vegne av H, Frp og V:

« Saka blir utsett. Det skal gjennomførast synfaring før saka kjem opp til politisk handsaming..»

### **Røysting**

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka blir utsett. Det skal gjennomførast synfaring før saka kjem opp til politisk handsaming.

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

**Peder Sjo Slettebø(H)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegne av H og Frp:

«1 Kultur og ressursutvalet tilrår vidare utgreiing av alternativ 2 (kote 70) då dette er den mest framtidsretta løysinga basert på framskriving av trafikkauke.

2. Eksisterande veg skal fungera som gang- og sykkelveg og tilkomstveg til fastbuande..»

### **Røysting**

Slettebø sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (H, V, Frp, KrF og Natalie Golis) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 4 røyster (A og Tom Sverre Tomren) som fall.

### **Vedtak**

- 1 Kultur og ressursutvalet tilrår vidare utgreiing av alternativ 2 (kote 70) då dette er den mest framtidsretta løysinga basert på framskriving av trafikkauke.
- 2 Eksisterande veg skal fungera som gang- og sykkelveg og tilkomstveg til fastbuande.

## **PS 25/14 Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune - Hordaland - fråsegn**

### **Forslag til innstilling**

1. Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.
2. Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa, spesielt i reirperioden frå ca. 15. mai til 1. juli.
3. Statkraft må unngå forstyrring av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).
4. Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadalar og
5. må takast vare på.

6. Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.

Statkraft sine eigne forslag til avbøtande tiltak er positive og nødvendige tiltak:

- Minstevassføring

- Støydempande tiltak

- Miljøtilpassa byggeløysning:

Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.

- Revegetering:

Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekningsmassar.

7. Tilsåing utførast med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.

Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar når punkta 1 – 6 er oppfylte.

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt endringsforslag:

«Til pkt. 2 : Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa. Ein må vere særmerksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15 mai til 1. juli.

Til pkt.7 : Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1 – 6 er oppfylte.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt protokollmerknad:

« MDG er grunnleggande skeptisk til dei energiøkonomiske aspekta ved etablering av pumpekraftverk. MDG er likevel innstilt på å stemme for eit revidert framlegg for å kunne forbetre rammene for det omsøkte prosjektet *Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune .»*

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.1 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag til pkt. 2 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3, 4, 5, og 6 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag til pkt.7 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

### **INNSTILLING**

1. Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.
2. Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa. Ein må vere særmerksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15 mai til 1. juli.

- 3 Statkraft må unngå forstyrring av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).
- 4 Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadalar og må takast vare på.
- 5 Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.
- 6 Statkraft sine eigne forslag til avbøtande tiltak er positive og nødvendige tiltak:
  - Minstevassføring
  - Støydempande tiltak
  - Miljøtilpassa byggeløysning:  
Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.
  - Revegetering:  
Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekningsmassar. Tilsåing utførast med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.
- 7 Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1 – 6 er oppfylte.

**Protokollmerknad frå Tom Sverre Tomren (MDG):**

MDG er grunnleggande skeptisk til dei energiøkonomiske aspekta ved etablering av pumpekraftverk. MDG er likevel innstilt på å stemme for eit revidert framlegg for å kunne forbetra rammene for det omsøkte prosjektet *Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune*.

## **PS 26/14 Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Vedtak av plan**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-2025 med handlingsprogram 2014-2017.

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

**Anita G. Johannessen (Frp)** sette fram slikt forslag til nytt pkt.2 på vegne av H, V og Frp:

2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag pk.t 1 vart samrøystes vedteke.  
Johannessen sitt forslag til nytt pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.
2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

## **PS 27/14 Høyring Auno minikraftverk i Kvinnherad kommune. Fråsegn.**

### **Forslag til innstilling**

1. Av omsyn til sjøaure vil Hordaland fylkeskommune frarå bygging av Auno kraftverk.
2. Vassdraget i Omvikdalen har god gytebestand av sjøaure og mange utbygde kraftverk.  
Det er viktig av NVE vurderer samla belastning på vassdraget.

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Av omsyn til sjøaure vil Hordaland fylkeskommune frarå bygging av Auno kraftverk.
2. Vassdraget i Omvikdalen har god gytebestand av sjøaure og mange utbygde kraftverk.  
Det er viktig av NVE vurderer samla belastning på vassdraget.

## **PS 28/14 Kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen hausten 2014 og våren 2015**

### **Forslag til vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til val av innhald i og opplegg for kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen for hausten 2014 og våren 2015, slik den kjem fram av saka og vedlagte liste over produksjonar.

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

Slettebø var ikkje til stades i møte under røysting. Det var 12 medlemmar til stades.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 12 røyster.

## **Vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til val av innhald i og opplegg for kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen for hausten 2014 og våren 2015, slik den kjem fram av saka og vedlagte liste over produksjonar.

## **PS 29/14 Sak: Miljøpris 2013**

### **Forslag til vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2013 til  
...

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

Arbeidsutvalet sette fram slikt forslag til vedtak:

«Kultur- og ressursutvalet tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2013 til Norges Naturvernforbund – Hordaland.»

Det var 13 medlemmar til stades.

### **Røysting**

Arbeidsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2013 til Norges Naturvernforbund – Hordaland

## **PS 30/14 Miljøprogram 2014**

### **Forslag til vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet vedtek Miljøprogram for 2014, og fordeler disponible midlar under post 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet for 2014 slik:

Miljøpris	95. 000,-
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	205. 000,-
Tilskot til miljø- og klimaprosjekt	450. 000,-
<b>SUM</b>	<b>750. 000,-</b>

Fylkesrådmannen vert gjeve løyve til å gjere mindre justeringar i budsjettet ved behov.

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014**

**Tom Sverre Tomren** (MDG) sette fram slikt forslag til nytt pkt. 2:

2. Kultur og ressursutvalet ber om at rammene for post 716.1 utvides betydeleg i fylkesbudsjettet 2015.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.

### **Vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet vedtek Miljøprogram for 2014, og fordeler disponible midlar under post 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet for 2014 slik:

Miljøpris	95. 000,-
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	205. 000,-
Tilskot til miljø- og klimaprosjekt	450. 000,-
<b>SUM</b>	<b>750. 000,-</b>

Fylkesrådmannen vert gjeve løyve til å gjere mindre justeringar i budsjettet ved behov.